



Reknes ungdomshus 2011. Årsorientering til BUL

Styret i BUL er generalforsamling i Reknes ungdomshus.

Styret i Reknes ungdomshus :

Byrge Fitje: Leiar: (Post , innkjøp, sende ut rekningar, kontakt med rekneskapskontor, m.v.)

Valter Andreassen: Nestleiar (Ansvarleg for møteinnkallingar, utleiger, visning av lokale, administrere vasking m.v.)

Hilde Bruaset Diverse arbeid

Mariann Sylte Diverse arbeid

Møte: Det har vore 2 styremøte. Elles har det vore telefonkontakt

Reparasjonar, vedlikehald, nyinnkjøp m.v

Innvendig :

- Kjøpt diverse kjøkkenutstyr
- Nødvendige reparasjonar av stolar, bord og utstyr
- Service på oppvaskmaskina.

Utvendig:

- ”Snorre” har saga ned skog bak huset.
- Kommunen har teke ned lauvskog i skråninga mot sør
- Lite gjort på uteområda utanom slått og stell av rosebedd
- Skifta rute på takvindu
- Skifta vindusrute 2. etasje

Dugnad og leigd arbeid: Det har vore nokre ”minidugnader” Det blir leigd til elektriske arbeid, rørleggar, vasking og boning. Nor tekstil vaskar moppane. Krakeli brøyter og strør. Feiebil blir leigd om våren.

Utleige: Det har ikkje vore store endringar på dei faste leigetakarane. Molde Internasjonale Jazzfestival leiger heile 2. etasje pluss noko lager i kjellaren og oppe på loftet. RU leiger kontorplass i kjellaren.”Bula” i kjellaren har tidlegare vore utleigd til musikkgruppe, den står no tom. Musikkbua mot aust er utleigd og motorsykkkelklubben ”Snorre” leiger den

gamle skulestova som før. Hovudetasjen er utleigd til BUL kvar onsdag og frimerkeklubben annakvar tysdag. Hovudetasjen var utleigd under heile jazzfestivalen. Elles har det vore utleige av hovudetasjen til arrangement av ulike slag pluss ein del kurs og møte.

Økonomi: Reknes ungdomshus har ikkje banklån. Innboet er 2011 forsikra for kr. 891.361,-. Sjølve huset er fullverdiforsikra.(KLP skadeforsikring) Husleigene er auka. Pr.1/12-11 står det kr. 132.425,16,- på bankkontoen. Alle rekningar er betalte. Rekneskapet vert ført av Økonomisenteret .
Revisor: Kurt Aaram.

Av arbeid som står for tur framover:

Svare på tilsynsrapport frå brannvesenet. frist 1/12-11

Svare på / utbedre el. feil etter el.kontroll av Istad. frist 31/1211


Få avvikla generalforsamling.

Skogrydding mot nord

Meir skilting

Molde 1/12-2011

For Reknes ungdomshus



Byrge Fitje